



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**
Statsråden

Innovasjon Norge Hovedkontoret
Postboks 448 Sentrum

0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
07/51-5 JEA

Dato
25 JAN 2008

Statsbudsjettet 2008 - Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling: Program og satsingar i regi av Innovasjon Noreg - Oppdragsbrev

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til St.prp. nr. 1 (2007-2008) for departementet, Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og til orienteringsbrev datert 5.10.2007. I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til Innovasjon Noreg over kap. 552, post 72. Brevet inneheld også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde over.

Tabell 1. Oversikt over midlar som vert stilt til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2008.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	151 500

Samla løyving på kap. 552, post 72 er 384,5 mill. kr. Av desse vert 151,5 mill. kr stilte til rådvelde for Innovasjon Noreg. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over fordelinga av posten mellom alle verkemiddelaktørar og Kommunal- og regionaldepartementet. Løyvinga skal disponerast i samsvar med Reglementet for økonomistyring i staten.

2. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål

Statsbudsjettet tek m.a. utgangspunkt i distrikts- og regionalmeldinga St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*, som er ei oppfølging av Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vil leggja til rette for at alle skal ha fridom til å busetja seg der dei ønskjer, og å utløysa verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. For å nå desse måla, er det viktig å fremja utvikling av arbeidsplassar, gode

tenestetilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Statleg innsats på mange politikkområde er viktig for å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken. Regjeringa har i statsbudsjetta for 2006 - 2008 lagt stor vekt på auka midlar til lokal velferd gjennom kommunesektoren, og til samferdsle gjennom både transportinfrastruktur og breiband. Dette, og gjeninnføringa av differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007, er svært viktige element i regjeringa si oppfølging av det distriktpolitiske løftet og har mykje å seia for å kunna nå distrikts- og regionalpolitiske mål.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programområde 13.50 skal styrkja grunnlaget for busetjing og verdiskaping tilpassa regionale utfordringar. Midla skal i all hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Evna til omstilling, innovasjon og entreprenørskap blir stadig viktigare i ein situasjon der konkurransen over landegrensene aukar. Regjeringa legg stor vekt på at verkemidla medverkar til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter, næringsmiljø og i område med særlege utfordringar.

Regjeringa legg vekt på at Innovasjon Noreg, i forvaltninga av dei næringsretta verkemidla, medverkar til å byggja ned eventuelle barrierar for unge, kvinner og innvandrarar. Betre høve til entreprenørskap blant kvinner og unge vil leggja til rette for å skapa eigne lønsame arbeidsplassar nær heimstaden. Dette kan styrkja den lokale arbeidsmarknaden, næringsmiljøet og busetjinga i distrikta.

3. Mål for Innovasjon Noreg

Innovasjon Noreg skal ta utgangspunkt i barrierar og utfordringar for enkeltbedrifter og enkeltprosjekt, og finansiera, tilføra kompetanse og byggja nettverk mellom ulike aktørar i innovasjonssystemet.

Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet har i fellesskap blitt samde om ein overordna målstruktur for Innovasjon Noreg. Hovudmålet og delmåla gjeld for alle løyvingar til Innovasjon Noreg frå dei nemnde departementa og fylkeskommunane.

Hovudmål:

Innovasjon Noreg har til føremål å fremja bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet og utløysa næringsmoglegheiter hos dei ulike distrikta og regionane gjennom å medverka til innovasjon, internasjonalisering og profilering.

Delmåla for Innovasjon Noreg er:

1. Auka innovasjon i næringslivet i heile landet
2. Auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet
3. Styrkja profileringa av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt
4. Næringsutvikling basert på regionale vilkår
5. Generelle gjennomgåande omsyn og føringar knytte til hovudmålet

Midlane til Innovasjon Noreg over kap. 552, post 72 skal generelt nyttast på område og satsingar der det er føremålstenleg med overordna, nasjonal koordinering. Det gjeld særleg der nasjonale fellesløysingar for regional utvikling vil vera kostnadseffektivt, for utvikling av nye verkemiddel og arbeidsmetodar og for spreining av kunnskap og erfaringar. Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Unntak for bruk av midlar innanfor verkeområdet må ha ei særskilt grunngjeving og sjåast i samanheng med målet om å utvikla vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten (vedlegg 4). Retningslinene finst også på www.regionalpolitikk.no. I høve til i fjor er det gjort nokre endringar i retningslinene under pkt 7. Kunngjering og i vedlegg 3 til retningslinene. Vedlegg 2 i retningslinene, Offentleg støtte - støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltverksemdar, er også oppdaterte i høve til endringar i ESA sine retningsliner for offentlig støtte.

Kommunal- og regionaldepartementet har konkretisert ein heilskapeleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, programkategori 13.50. Målstrukturen skal være dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet. Programma, satsingane og tenestene i Innovasjon Noreg som er heil- eller delfinansierte over kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare i all hovudsak på tre arbeidsmål, jf. tabell 2. Nokre få tiltak medverkar til alle arbeidsmåla og vert difor omtalte under tverrgåande tema.

Tabell 2. Samanheng mellom arbeidsmål¹ og program under Innovasjon Noreg og satsingar med ei samla økonomisk ramme på 151,5 mill. kr i 2008.

Hovudmål 1: Auka verdiskaping, sysselsetjing og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap	Program, satsingar og tenester	2008
Arbeidsmål 1.1 Styrkt næringsmiljø: Utvikla lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. Innsatsen vert tilpassa regionale utfordringar.	NCE-programmet	35,0
	Arena-programmet	18,0
	Føretaksnettverk	3,0
Arbeidsmål 1.2 Vidareutvikla etablerte føretak: Auka innovasjonsevna og –takten i etablerte bedrifter. Innsatsen vert tilpassa regionale utfordringar.	BIT-programmet	6,5
	Kompetanseprogrammet	2,0
	GRO-programmet	7,0
	Designprogrammet	5,0
Arbeidsmål 1.3 Entreprenørskap: Auka omfanget av lønsame etableringar. Innsatsen vert tilpassa regionale utfordringar.	NyVekst (samfinansieringspott)	5,0
	Ekstrasatsing for kvinner og entreprenørskap	5,0
	Unge i fokus (inkludert mentorordning for unge)	10,0
	Anna satsing på entreprenørskap	5,5
	Inkubatorstipend	17,0
	FORNY	4,0
	Kommunane som førstelineteneste for i småskala næringsutvikling	2,0
Tverrgåande tema, Tenesteutvikling, analysar, profilering	Kultur og opplevingar	4,0
	Kvinner i fokus	5,5
	Storbyprosjektet	4,0
	Regional omstilling	8,0
	Analysar, evalueringar, profilering	5,0

Innovasjon Noreg har, som tidligare år, høve til å gjera mindre omdisponeringar på fordelinga, men skal underretta Kommunal- og regionaldepartementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrev straks verksemda får kjennskap til slike.

¹ Enkelte program, satsingar og tenester vil kunne bidra til meir enn eitt av arbeidsmåla. I samarbeid med Innovasjon Noreg har departementet, for å gjera det enkelt, kopla kvart program og kvar satsing til eit enkelt arbeidsmål.

Nedanfor følger konkretisering for bruken av midlane på utvalde tema innanfor kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei enkelte programma, satsingar og tenester når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen.

Arbeidsmål 1.1:

NCE- og ARENA programmet. Auka i løyvingane på dette arbeidsmålet skal gå til utvikling og utbygging av NCE- programmet og kvalifiserande tiltak, som til dømes ARENA programmet. Når det gjeld prosessar for utveljing av nye NCEar, syner vi til Innovasjon Noregs brev av 19. desember 2007.

Arbeidsmål 1.2:

BIT-programmet. BIT-programmet har vore finansiert lenge over kap. 552, post 72. Departementet vil i 2008 ha ein dialog med Innovasjon Noreg omkring framtidig finansiering og innretting av programmet.

Arbeidsmål 1.3:

Ny ordning for stønad til små nyetablerte vekstføretak i det distriktpolitiske verkeområdet (NyVekst). Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å utnytta det handlingsrommet som det nye regionalstøtteregulverket i EØS-området gjev og vil difor samarbeida med fylkeskommunar og Innovasjon Noreg om ei ny stønadsordning retta mot små nyetablerte vekstføretak i det distriktpolitiske verkeområdet. Ordninga skal medverka til at fleire etablerarar med stort vekstpotensial kan få realisert sin idé, og at gjennomførings- og overlevingsevna for nyleg etablerte føretak med stort vekstpotensial aukar. Det er ein ambisjon at om lag 40 pst. av midlane skal gå til vekstbedrifter som er eigde eller leia av kvinner.

Departementet legg opp til at ordninga blir forvalta av Innovasjon Noreg, men at finansieringa i hovudsak skal skje med dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane, på line med annan bedriftsstøtte. I tillegg vil Innovasjon Noreg få tildelt 5 mill. kr som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar for å sikra at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få stønad.

Innovasjon Noreg må utvikla konkrete kriterium og retningsliner, i tråd med økonomireglementet, for bruk av ordninga og følgja opp regionkontora med rettleiing, informasjon og utvikling av felles praksis. Dette må gjerast i samarbeid med departementet og fylkeskommunane. Ordninga vart godkjend i ESA 12. desember 2007.

I og med at ordninga vil medføra stønad til same bedrift over fleire år, er det viktig å sikra at Innovasjon Noreg har grunnlag for å kunna lova bort midlar med atterhald om budsjettsituasjonen. Departementet legg difor til grunn at fylkeskommunane og regionkontora avklarar seg i mellom korleis gitte tilsegner skal følgjast opp.

Det er avsett 4 mill. kr til operativ og administrativ drift av ordninga over kap. 2421, post 70 over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Ekstrasatsing for Kvinner og entreprenørskap. Innovasjon Noreg får tildelt 5 mill. kr ekstra til kvinnesatsing i 2008. Desse midlane skal nyttast til integrert satsing og skal setjast av til samfinansiering for å auka kvinne delen i utvalde satsingar, program og tenester innanfor post 72. Midlane kan også nyttast til erfaringsdeling og synleggjering innanfor kvinnesatsinga og tilknytt utvikling av ny strategi.

Unge i fokus. Innovasjon Noreg får tildelt 10 mill. kr til Unge i fokus. Av desse er 3 mill. kr avsett til utvikling av ei mentorordning eller liknande for unge, for å møte deira behov for strategisk rettleiing. Måla for prosjektfasen 2008 er å:

- Gjennomføra 3-5 pilotar i ulike regionar
- Definera kva eit mentortilbod i regi av Innovasjon Noreg kan innehalda av tenester, og avgrensing mot andre tenester
- Identifisera rettleiingsbehovet til ulike grupper
- Identifisera aktuelle mentorar
- Beskriva beste praksis for innretting av ei mentorteneste

Innovasjon Noreg skal avklara om prosjektet kan gjerast i samarbeid med Noregs Forskingsråd, SIVA og eventuelt andre samarbeidspartnarar.

Kommunane som førsteline i småskala næringsutvikling (Kommuneprosjektet): For 2008 har Kommunal- og regionaldepartementet sett av 2 mill. kr til arbeidet med vidareføring av kommuneprosjektet.

Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet vil gje ei klar tilslutning til at Innovasjon Noreg fortsett arbeidet med å styrkja samarbeidet med kommunane om næringsutvikling, der landbruksbasert og marin næringsutvikling er inkludert. Dei mange pilotane i Kommuneprosjektet har gjeve erfaringar som det kan byggjast vidare på i dette arbeidet. Slik departementa ser det vil også det opplegget Innovasjon Noreg har skissert styrkja og underbyggja regjeringa si satsing på lokal nærings- og samfunnsutvikling og på kommunane som næringspolitiske aktørar. Samarbeidet må dessutan basera seg på eit godt og ryddig tilhøve til fylkeskommunane og fylkesmannen. Dei regionale partnerskapa, inkludert fylkesmannens landbruksavdelingar, må vera sameinte om korleis ein skal nærma seg kommunane, og ha eit velfungerande samarbeid seg i mellom. Vi vil be om at Innovasjon Noreg opprettar ei prosjektgruppe, leia av Innovasjon Noreg og med deltakarar frå Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og KS (kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) for å sikra eit godt samarbeid for å vidareføra arbeidet med å styrkja kommunane som førstelineteneste for næringsutvikling.

Tverrgåande tema

Kultur og opplevingar. Departementet vil auka løyvinga til Innovasjon Noreg sitt nye satsingsområde på kultur og næring til 4 mill. kr i 2008. Midlane skal mellom anna nyttast til å styrkja forretningskompetansen hos kultur- og kulturbaserte verksemder, gjennom program som FRAM Kultur og andre program og tenester for kultur og opplevingar.

Storbyprosjektet. I 2008 vert det sett av 4 mill. kr. til Storbyprosjektet. Midlane skal gå til prosjekt i byane og fellesprosjekt, og til drift av Storbyprosjektet. Storbyprosjektet skal bidra til auka innovasjon i dei seks storbyregionane og styrking av rolla som motor for regional og nasjonal innovasjon.

Omstilling. Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer at Innovasjon Noreg framleis skal vera eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. I samband med søknader om ekstraordinær statleg innsats i omstillingsområde vil departementet be Innovasjon Noreg om ein fagleg vurdering av søknadene før det vert fatta endeleg vedtak. Innovasjon Noreg har såleis ei særskilt rolle både i høve til ei fagleg vurdering av søknader om ekstraordinær statleg innsats og innanfor lokalt omstillingsarbeid generelt. Departementet legg vekt på at Innovasjon Noreg samarbeider med fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar om korleis omstillingsutfordringar skal møtast på ulike stader.

4. Orienteringar frå departementet

Svalbard

Innovasjon Noreg må dekkja eventuelle behov for bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma på kap. 552, post 72.

Kvinner som målgruppe

Regjeringa vil prioritera å fremma entreprenørskap blant kvinner og vil lansera ei eiga handlingsplan for dette i 2008. Målet er at vesentleg fleire kvinner skal verta entreprenørar. Ambisjonen er at kvinnetdelen blant nye entreprenørar skal verta minst 40 pst. innan 2013. Departementet ber Innovasjon Noreg setja måltal for alle relevante program som kan medverka til at delen kvinner blant nye entreprenørar vert 40 pst. seinast i 2013.

Verkemiddelaktørane skal gjennom si forvaltning av dei midlane som vert stilte til rådvelde frå departementet, arbeida for å fremja likestilling mellom kjønna. I dag mottek menn, direkte eller indirekte, ein større del av stønaden enn kvinner. Departementet ber difor Innovasjon Noreg prioritera kvinner som målgruppe og arbeida for ein vesentleg auka i kvinnetdelen innanfor aktuelle program og tenester. Departementet ber også verkemiddelapparatet på eigna måte å arbeida for å auka kvinnetdelen i styrer og leiing for verksemder som mottek stønad.

Departementet ber vidare verkemiddelapparatet om å framskaffa kjønnsdelt statistikk og rapportera på utviklinga av kvinne delen for dei aktuelle programma og tenestene.

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at 40 pst. av dei næringsretta verkemidla under departementet skal treffa kvinner innan 2013. Departementet ber verkemiddelapparatet om i 2008 å utvikla måltal for kvinne del i dei programma som ikkje har måltal, i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, innan 1 november 2008. Dette med sikte på å få dei innarbeidd i oppdragsbrevet for 2009. I tillegg skal Innovasjon Noreg utarbeida ein opptrappingsplan slik at 40 pst. av dei næringsretta verkemidla treff kvinner i 2013, mellom anna for å medverke til målet om 40 pst. kvinne del mellom nye entreprenørar i 2013.

Innovasjon i Nord-Noreg/Nordområdestrategien

Departementet legg opp til ein særskilt innsats i Nord-Noreg på 10 mill. kr i 2008 for å stø opp under nordområdestrategien til regjeringa. Midlane skal nyttast til å styrkja det innovasjonsretta arbeidet i landsdelen, m.a. med vekt på regionale næringsklyngjer med stort innovasjonsfokus, nye kunnskapsintensive næringar knytte til regionale fortrinn og styrking av entreprenørskap. Særleg gjeld dette fellessatsingar innanfor olje og gass og reiselivsnæringane.

Midlane skal verta forvalta av mellom anna Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs forskingsråd. Departementet vil fordela midlane etter dialog med og innspel frå verkemiddelaktørane og fylkeskommunane i Nord-Noreg. Departementet legg i den samanhengen vekt på at denne særskilte innsatsen skal sjåast i samheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidla over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg.

Samarbeid

Innovasjon Noreg skal vidareføra det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, og spesielt i høve til dei felles programsatsingane (til døme NCE-programmet). Departementet ber også om at det forsterka analysesamarbeidet blir vidareført. Dette er viktig for at verkemiddelaktørane skal fungera godt som premissleverandør for departementa.

Tilhøvet til fylkeskommunane som regional utviklingsaktør

Departementet forventar at Innovasjon Noreg har eit aktivt tilhøve til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og partnerskapsarbeidet på regionalt nivå i samband med etablering og utvikling av program og tenester finansierte over kap. 552, post 72. Innovasjon Noreg kan også spela ein viktig rolle i å medverka til utvikling av regionale program og tenester for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna knytte til omstillingsprosessar i fylka. Slike program kan verta finansierte med utviklingsmidlar over kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling, og med midlar som er sette av over kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. I denne samanhengen er både formidling

av erfaringar og metodar frå nasjonale program og spleiselag mellom nasjonale og regionale midlar aktuelt. Fylkesfordelinga av 60-posten går fram av vedlegg 2. Departementet vil senda oversikt over fylkesfordelinga av 61- posten i eit eige brev.

Skatteplikt

Departementet gjer merksam på at enkelte former for bedriftsstøtte er skattepliktige, jf. Skatteloven § 5-30. Dette gjeld mellom anna transportstøtte, opplæringstilskot og andre tilskot som reduserer driftskostnadane. Investeringsstilskot som er gjeve i tråd med Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla er ikkje skattepliktige i det distriktpolitiske verkeområdet, jf. Skattelovens § 5-3a. Vi syner til retningslinene for kap. 551, postane 60 og 61, Del I punkt 5. Departementet ber om at Innovasjon Noreg opplysar i tilskotsbrevane sine om midla er skattepliktige eller ikkje.

Forvaltningsreforma

Det vil som kjent verta gjennomført ei forvaltningsreform frå 1.1.2010, jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007). Eit høyringsnotat med konkretisering av dei oppgåvene som vert varsla i St.meld. nr. 12., vil etter planen verta sendt ut om kort tid. Reforma er viktig for både fylkeskommunane og dei nasjonale verkemiddelaktørane. Forvaltningsreforma vil vera eit naturleg tema på mange av dei møteplassane departementet har med verkemiddelaktørane. Oppdatert informasjon vert gjeve på www.regjeringen.no/krd.

Notifisering

I 2007 kom det nye EU/EØS-retningsliner for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon. Retningslinene klargjer kva for grenser som finst i høve til offentleg støtte til verkemiddel som til dømes næringshagar og inkubatorar. Innovasjon Noreg sine verkemiddel for støtte til forskning, utvikling og innovasjon er notifisert og er venta godkjent av ESA våren 2008.

5. Årleg rapportering og oppfølging av midlane under kap. 552, post 72 og delar av kap. 551, post 60

Overføring av midlar

Kommunal- og regionaldepartementet vil overføra rammene til dei tre nasjonale verkemiddelaktørane i like store delar tre gonger i året: I februar, juni og oktober. Departementet vil overføra midlane til same konto som i 2007 med mindre vi får annan beskjed.

Rekneskap og løyvingsskontroll

Det skal førast eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva aktørar og kva prosjekt som er tildelte midlar og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Rapportering

Departementet syner til vedlegg 3 (rapporteringskalender) for fristar.

Departementet syner til krava for årsrapporten frå Innovasjon Noreg, spesifisert i den felles rapporteringskalenderen frå Kommunal- og regionaldepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Departementet ber om at Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten. Departementet ber også om å få rapport på utviklinga av kvinnedelen for samtlege program og tenester for å synleggjera kjønnsbalansen for deltakarar og utdelt stønad.

Departementet syner til rapporteringssystemet for Programkategori 13.50 frå 1. januar 2006. Systemet er det siste året forenkla og etter dialog med Innovasjon Noreg vil dette verta ettersend i januar/februar. Departementet ber Innovasjon Noreg oversende elektronisk ei samanstilling av informasjonen etter det forenkla rapporteringssystemet i samband med årsrapporteringa.

Innovasjon Noreg skal underretta Kommunal- og regionaldepartementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrev straks verksemda får kjennskap til slike. I denne samanhengen bør Innovasjon Noreg også vurdere om omdisponeringa vil ha verknad for profilering av departementet.

Styringsdialog knytt til kap. 552, post 72

Departementet vidarefører styringsdialogen i form av to styringsmøte i 2008. Det første møtet er sett til 18. juni 2008 og skal i hovudsak handla om:

- Rapportering for føregåande år.
- Forslag om vidareføring, oppskalering, nedskalering eller utfasing av program og tenester i 2009. Forslaget skal vera grunngjeve ut frå korleis programma og tenestene kan medverka til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla til departementet. Forslaget skal også synleggjera prioriteringar og konsekvensar ved uendra, auka eller reduserte rammer.

Møtet om hausten skal i hovudsak omhandla:

- Statusrapport: Innovasjon Noreg skal gjera munnleg greie for gjennomførte tiltak og bruk av midlane i samsvar med dette brevet.
- Budsjettet for år 2009 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.
- Budsjettinnspel for år 2010 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.

Evalueringar

Det er viktig at verkemiddelaktørane gjennomfører evalueringar av program, satsingar og tenester finansiert av midlar frå kap. 552, post 72 i kontakt med departementet.

Kravet til evalueringar er forankra i økonomireglementet (§ 16) og er ein viktig del av

arbeidet med å korrigera innretning og omfang m.v. på tiltaka. Kommunal- og regionaldepartementet ber om å verta involvert tidleg i prosessen, for å kunna delta i utforminga av evalueringane og/eller sitja i referansegruppe. Departementet ber vidare om å verta informert om hovudresultat frå evalueringane og korleis Innovasjon Noreg vurderer dei og planlegg å følgje dei opp.

Kommunikasjon

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å leggja auka vekt på kommunikasjonsarbeid, m.a. gjennom meir synleggjering av gode eksempel i distrikts- og regionalpolitikken. Kommunal og regionaldepartementet meiner at både departementet og Innovasjon Noreg har nytte av kommunikasjonsarbeid, og ønskjer at verkemiddelaktørane skal vera aktive i å gjera bruken og resultata av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over departementet sitt budsjettområde meir synlege. Det er i stor grad verkemiddelaktørane, saman med fylkeskommunane, som gjennomfører distrikts- og regionalpolitikken i praksis, og som dermed best kan synleggjera gode døme på kva midlane vert nytta til. Vi ber om at Innovasjon Noreg arbeider meir systematisk med å visa fram bruken av midlane i media. Innovasjon Noreg bør jamleg ha kontakt med kommunikasjonseininga i departementet for å sjå på eventuell koordinering og medverknad frå departementet si side. I tillegg bør Innovasjon Noreg ha rutinar for straks å varsle departementet når verksemda får kjennskap til saker som kan verta kontroversielle i media.

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg:

1. Rammefordeling programkategori 13.50
2. Fylkesfordeling av midlar over kap. 551, post 60
3. Rapporteringskalender
4. Retningsliner for kap. 552, post 72
5. Retningsliner for kap. 551, postane 60 og 61

Kopi til:

Fiskeri- og kystdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Norges forskningsråd
Nærings- og handelsdepartementet
Plan- og administrasjonsavdelingen
Riksrevisjonen
SIVA - Selskap for industrivekst SF
Utenriksdepartementet